


Skredfare i Halsabrotet skal vurderast av ekspert

29.04.2011



Skredfaren i planområdet skal vurderast av ekspert

NVE har påpeika for kommunen at planområdet for det nye bustadfeltet i Halsabrotet er definert som potensielt utlaupsområde for snøskred. Administrasjonen i kommunen har sendt saka vidare til konsulenten og saksbehandlar Ingo Bewer slår fast at dette er eit nytt men nokså ålvorleg ansvarsspørsmål som ein må ta stilling til. Difor skal geologisk fagekspertise innhentast.



Dette er det aktuelle skrednettkartet som NVE viser til og som angir eit løснеområde nær det planlagte bustadfeltet

Bewer formulerer seg slik:

- Spørsmålet skal vere om området er trygt og kva som er konsekvensane for eit framtidig byggjefelt med og utan vegetasjon i fjellsida.

Det var i mars, under merknadsrunden for reguleringsplanen, NVE kom med sin merknad som viste til skrednett sitt aksemdkart.

Det vart vist til NGI sine gamle stein- og snøskredkart som viser at planområdet i all hovudsak ligg utanfor potensielt fareområde for skred. NVE vurderer i dette tilfelle dei gamle karta til å vere meir nøyaktige og gi eit betre grunnlag for ei avgrensing av aktsemdområde for skred.

Aktsemdområdet kjem etter det NVE kan sjå marginalt inn på friluftsområdet i nordaust. Då området ikkje skal byggjast på meiner NVE at det er tilstrekkeleg å nytte aktsemdområdet for å avgrense omsynssone fareområde skredfare i plankartet. Kommunen blir rådd til å innarbeide ein slik omsynssone i kartet.

I følgje NGI sine aktsemdkart skal utbyggingsområda vere tilstrkkeleg trygge. NGE viser til at det i aktsemdkartet er markert eit løснеområde for snøskred på ca kote 120 til kote 240. Området er skogsett.

Kommunen bør vrudere om skogen er ein føresetnad for at området no er tilstrekkeleg trygt. Dersom det er tilfelle, bør det vurderast restriksjonar på hogst slik at bustadområdet også i framtida har tilstrekkeleg tryggleik mot skred, skriv NVE

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Er det fare for skred i dette området?